



Scena gror opp utan problem

Både i år og 2 år før har Festidalen satsa på firmaet Bright når dei skulle finna ei god sceneløysing. Og såvidt vi kan sjå no ikveld går jobben smertefritt også dette året.

Den svære scena gror opp som ein paddehatt etterat ho vart køyrt opp på garden tysdag kveld og tidsplanen vert fylgd til punkt og prikke. Rundt rekna 15 frå firmaet står på saman med omtrent like mange frå arrangøren og det heile skjer steg for steg. Fyrst vert skjelettet montert og så kjem lys og lys. Det er eit prosjekt som krev presisjon og nøyaktigheit og mange bitar skal flettast saman.



Silje og Saima serverar lappar til dei som sto på med scenekonstruksjonen
Men arrangøren kunne i kveld slå fast at scena reisar seg helt etter planen etterat ho kom til Dønhaug tysdag

kveld.

Og som ein ekstra inspirasjonskjelde serverte cateringgjengen lappar med syltetøy til arbeidsstokken på rundt 30. Spør om dei sette pris på det! Silje Soldal og Saima Døssland sto for serveringa medan tvillingane Veslemøy og Veslemøy hadde steikt godsakene.

Det var eit nytt prov på at staben bak Festidalen også satsar på trivsel og godt miljø. Og det gode miljø hadde også spreidd seg til heile garden, som var prega av innsatsvilje og glede.

Tekst nett og foto: Ola Matti Mathisen